LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Advokater i kontorfellesskap Att: Advokat Dag Nødtveidt
Lille Markevei 18
5005 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Siril Therese Sylta | 21.08.2014 |
| Vår: 14/1864 - 14/18978 | Siril.Sylta@lindas.kommune.no | |

# Forlenging av mellombels bruksløyve for bustad - gbnr 190/2 Grøttveit

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Tiltakshavar:** Trond Grøttveit

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Det vert vist til Dykkar brev motteke her 18.07.2014, der det vert anmoda om ytterlegare forlenging av mellombels bruksløyve for bustad.

Det vert vist til mellombels bruksløyve datert 23.12.2011, og vedtak om forlenging av bruksløyve datert 19.12.2012, 18.06.2013 og 31.01.2012. I vårt brev datert 31.01.2014 vart bruksløyve forlenga til 31.08.2014.

VURDERING
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at mellombels bruksløyve kan forlengast til 01.06.2015, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

VEDTAK:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det mellombelse bruksløyve for bustad på gbnr 190/2 forlenga til 01.06.2015 på følgjande vilkår:**

1. **Vilkåra gjeve i tidlegare vedtak gjeld vidare.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 01.06.2015.**

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Bortfall av mellombels bruksløyve**
Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.
Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1864.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Trond Grøttveit | Sjosidevegen 128 A | 5914 | ISDALSTØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Advokater i kontorfellesskap Att: Advokat Dag Nødtveidt | Lille Markevei 18 | 5005 | BERGEN |